



Arkivnr: 2014/323-305
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland/Elisabeth Bjørsvik

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 03.06.2014 |

Tilskot til ulike kulturføremål vår 2014 - opne søknadar

Samandrag

Opne søknader som kjem inn til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga og som ikkje er retta mot ei spesiell søknadsordning vert samla opp og handsama i samsak ved avslutninga på kvart semester. Denne handsaminga gjeld desse og løyvingane vert tilrådd teke av Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonte. Enkelte opne søknader kan løftast ut og handsamast enkeltvis om det skulle vere særlege grunner for dette. Slik enkelthandsaming vert i så fall vurdert og bestemt av den administrative og politiske leiinga i fylkeskommunen. Det føreligg ved dette møtet også ein enkeltsak knytt til ein open søknad frå Bergen Filharmoniske Orkester om støtte til 250-årsjubileumssesongen.

Det handsamast i denne saka 22 opne søknadar med ein total søknadssum på 2 612 000 kroner, i tillegg til søknader frå tre fartøy med samla søknadssum på 1 015 000 kroner. Det er 1,25 million kroner til rådvelde for Kultur og ressursutvalet i 2014, og det vert med denne store søknadssummen og dei akutte behova som vert lagt fram i søknadane innstilt på å løyve 1,1 mill. kroner no.

Denne handsaminga er prega av søknader om støtte til å bøte på akutte behov. Dette ser ein som ein konsekvens av at fylkeskommunen dei seinare åra ikkje har hatt høve til å følgje opp kulturlivet sine ambisjonar, satsingar og naudsynte behov gjennom løvingar over kulturbudsjettet. I vår er det kome inn fleire søknadar om ekstraordinær støtte til drift der driftssituasjonen for søkjarar i inneverande år er svært kritisk. Dette er ein særstilling som får konsekvensar for korleis søknadane i denne saka vert tilrådd. Desse særskilde søknadane er store og dersom desse skal prioriterast, vert det vanskeleg å finne rom til andre søknader som prinsipielt er stønadsverdige.

Dei tre største tilrådde løyvingane som vert lagt fram i denne saka er til ekstraordinær driftstøtte for inneverande år for det profesjonelle Edvard Grieg kor, for teaterhuset Cornerteateret og særskilde behov innan fartøyvern.

Retningslinene for dei etablerte ordningane innretta slik at fleire viktige fartøy i Hordaland fell utanfor. I sak PS 65 /2014, 13.05.2014 vart gjort følgjande vedtak: « Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen vurdere ordningar for viktige fartøy som fell utanfor tilskotsordninga, til dømes s/s Seladon, s/s Loyal og s/s Gurine.» Ein vil kome tilbake til vurdering av meir permanente søknadsordningar, men fylkesrådmannen vurderer behova til dei tre omtalte fartøya så akutte at det vert gjort framlegg om støtte til Seladon, Loyal og Gurine i denne saka.

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, dvs. at vi gir stønad til kulturtiltak som har verdi for heile fylket eller store delar av det. Dei same vurderingskriteria som gjeld for m.a. ordninga for Tilskot til ålmenne kulturføremål vert også brukt her:

Det vert lagt vekt på desse momenta (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- Om tiltaket kan kople saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
- Dokumentarisk verdi
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger

Det er tilrådd stønad til prosjekt som fylkesrådmannen meiner har eit regionalt perspektiv og betydning og som står opp under visjonen for Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitikk. I følgje fylkesplanen har fylkeskommunen ei særleg oppgåve i å kople saman aktørar, etablere partnerskap, skape møteplassar og støtte infrastruktur.

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver 1 105 000 kroner over budsjettpost 400.760.00.14700 – «til rådvelde for Kultur- og ressursutvalet slik:

| | | |
|----|--|---------|
| 1 | Bergen Blues og rootsklubb | 0 |
| 2 | Bømlo 16. Mai Foreining:16. mai-arrangementet | 0 |
| 3 | Bømlo Teater; tilskot til West Side Story | 0 |
| 4 | Den norske kirke – Bjørgvin bispedømmeråd: Grunnlovsjubileet – Welhavens tale | 0 |
| 5 | Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse | 100 000 |
| 6 | Edvard Grieg kor/Kor Vest | 200 000 |
| 7 | Fartøyvern: A. SS Lojal | 50 000 |
| | B. SS Seladon | 100 000 |
| | C. SS Gurine | 50 000 |
| 8 | Fjordabåtane: drivstofftilskot Grunnlovskonvoien | 50 000 |
| 9 | Hordaland husflidslag: raudlista handverksteknikkar | 0 |
| 10 | Ibis film: film om K. Knudsen | 0 |
| 11 | Jade Herem Aksnes: eksamensfilm | 0 |
| 12 | Kulturkamelonen AS: Feitaboogie exchange | 0 |
| 13 | Kunst- og designhøgskolen i Bergen: Wood Festival | 40 000 |
| 14 | Litteraturhuset i Bergen/Islandsk uke | 0 |
| 15 | Opera Bergen: Fange og fri | 100 000 |
| 16 | Stiftinga Sentralbadet litteraturhus | 100 000 |
| 17 | Stiftinga Lyngheim | 0 |
| 18 | Strix/Arkikon: 3D-animasjon Bryggen | 0 |
| 19 | Studenter ved bachelorstudiet KHIB: katalog | 0 |
| 20 | Teaterdrift Bergen AS: drift Cornerteateret 2014 | 200 000 |
| 21 | Torgdagen i Bergen | 15 000 |
| 22 | Ung i Kor-Vest: Europa Cantat Junior | 40 000 |
| 23 | Vestlandske Teatersenter: Mini Midi Maxi | 60 000 |

Johnny Stiansen
fung.fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.05.2014

Følgjande 22 søknadar vert lagt fram. Teksten i kursiv er sitat/direkte utdrag frå søknad

1. Bergen Blues og rootsklubb: Støtte til arrangement i 2014

søker 30 000,-

A.Utdrag frå søknad:

BBRC ser det som ei av sine hovudoppgåver å fremja vestlands-bluesen. Me har ca. 10 arrangement i året, og me skal i år arrangera Blues-cruise i samarbeid med Fjord Line. Vårt faste konserthus er Madam Felle på Bryggen, og publikum dekker stort sett hyra til dei opptredande. Men når me engasjer bluesband frå m.a. Sunnhordland, Hardanger eller Voss må me dekkja reise. Overnatting og beverning. Då kjem me ofte til kort.

B.Økonomi: ikkje oppgjjeve anna enn i teksten ovanfor

C.Fylkesrådmannen si vurdering: Fylkesrådmannen ser ikkje at det omsøkte tiltaket ved ei heilskapsvurderinga av kriteria kjem høgt nok opp på prioriteringslista i denne søknadsomgangen.

Tilråding avslag

2. Bømlo 16. Mai Foreining: 16. mai-arrangementet på Bømlo

Uspesifisert søknadssum

A.utdrag frå søknad:

16. mai-arrangementet på Bømlo vert i år arrangert for 9-ande gong. 10 års-jubileum neste år. Arrangementet er basert på frivillighet og hundrevis av dugnadstimar kvart år. Flott, alternativt og rusfritt arrangement for ungdommar (målgruppa 15-18 år) frå store delar av Sunnhordland. Nytt frå i år er at me etablerar ei foreining "Bømlo 16. Mai Foreining" registrert i Brønnøysundregistra med eige organisasjonsnr. Hovudartist i år vert Eirik Søfteland med band. Han var Idoldeltakar og vinnar av "skal vi danse" 2013. Elles ein del lokale band/artistar frå Stord, Bømlo etc. Vonar at Hordaland Fylkeskommune kan vera med og støtta oss. 16. Mai-arrangementet er eit viktig, førebyggjande tiltak då denne datoen tradisjonelt sett har vore eit tidspunkt for rus/alkoholdebut for ungdom. Dette ynskjer me å vera med å forebyggja. Til det treng me økonomisk stønad.

B.Økonomi: ikkje oppgjjeve

C.Fylkesrådmannen si vurdering: Dette er eit fint ungdomsarrangement som kunne vore relevant å løyve midlar til gjennom vår tilskotordning «Kulturtiltak for barn og unge(aktivitetsstønad)». Dette er no ein ope søknad som også kom etter fristen til den ovannemnde tilskotsordninga. Dette tiltaket har også ein lang tradisjon utan fylkeskommunal støtte. Fylkesrådmannen kan i denne handsaminga ikkje prioritere dette tiltaket.

Tilråding avslag

3. Bømlo Teater; TILSKOT til WEST SIDE STORY i Moster Amfi

Det søkjast om eit ekstratilskot på 200 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Bømlo Teater har for 2014 søkt HfK og fått tilskot til Mostraspelet på kr. 84.000,- samt 154.000,- til drift. Begge tilskota er kjærkomne og naudsynte for å oppretthalde den aktiviteten Bømlo Teater har vist gjennom år. Mostraspelet blir som kjent ikkje sett opp i 2014, men me set opp West Side Story i Moster Amfi i august, med eit budsjett på 6,5 mill og forventa publikumstal til Moster Amfi på 11.000.(...) Tilskotet me fekk

til Mostraspelet i 2014 går i hovudsak med til kontraktsarbeid vedr. dette. (Red.mrk: Det jobbast m.a. med eit nytt manus av Svein Tindberg som skal setjast opp i 2015.)

Me driv aktivitetsbasert kulturutvikling og kulturvekst nedifrå, dvs utanfor institusjonane. Den frivillige organisasjonen Bømlo Teater har dessutan, trass sitt "kommunenamn", blitt eit teater for heile Sunnhordlandsregionen. Mostraspelet har i alle år involvert aktørar og musikarar frå Sunnhordland, og hatt sitt publikum herifrå, medan musikalane har som ambisjon å rekruttere 50% av aktørane lokalt, men då i eit utvida Sunnhordlandsområde (mellom Haugesund og Bergen). I tillegg må me hyre inn profesjonelle aktørar frå både Noreg og Sverige til dei største musikalane. (...)

Pengane skal nyttast på følgande vis:

- inndekning av auka kostnader til scene/rigging, samt tilskot til losji av tilreisande aktørar, kr. 80.000,--

-Tilskot til ein Ringvirkingsanalyse frå Norsk Turistutvikling AS for å få kunnskap om vårt Publikum og kva konsekvensar arrangementet har. 120.000,-

B.Økonomi:

totalbudsjett 6,5 mill.

C.Fylkesrådmannens si vurdering: Bømlo teater får, som omskrive, årleg driftstøtte og tilskot øyremerka Mostraspelet over HFK sitt kulturbudsjett. Teateret har vald å setje opp Bernstein sin musikal West Side Story i staden dette året mens ein omarbeidar Mostraspelet. Det er forståeleg at er utgifter for denne omarbeidinga også i det året Mostraspelet ikkje vert sett opp. Historieformidlinga som skjer gjennom Mostraspelet vert sett på som viktig for fylkeskommunen, men vi ser også at oppsetninga av musikalen er eit stort løft for teateret. Prinsipielt ville fylkesrådmannen såleis kunne innstilt på ei støtte på nokon av ekstrakostnadane på 80 000, men i lys av den samla søknadsmenga, finn ein ikkje rom til dette. Når det gjeld den siste delen av søknaden ang ringverknadsanalysen er ikkje dette noko som fylkesrådmannen meiner skal dekkast over kulturbudsjettet/tilskotsordningar for kultur.

Tilråding avslag

4. Den norske kirke – Bjørgvin bispedømmeråd: Grunnlovsjubileet – søknad om støtte til Welhavens tale

Søkker om 5000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

I anledning Grunnlovsjubiléet 1814 inviterer Bymuséet i Bergen, Bergen Domkirke menighet, Bergenhus og Årstad kulturkontor og Bjørgvin bispedømme til en raus rekonstruksjon av Takke- og bønnfest ved St.Jørgens Hospitalkirke i 1814 – med Welhavens tale som kunstnerisk kjerne.

5.juni kl. 18 vil St.Jørgen og dets omgivelser bli vekket til live med musikk, teater, formidling av forskning og kirkehistorie, - og en fargerik folkefest. Det dukes for en historisk tidsreise med biskop Halvor Nordhaug, forsker Thomas slettebø, domprost Jan Otto Myrseth, skuespiller Kristoffer Sagmo Aaberg, Vokalensemblet Membra, Bergen Byspill samt flere bidragsytere fra vertskapskollegiet. Med utgangspunkt i vår egen Grunnlovshistorie, har begivenheten som målsetting å informere og engasjere et kirke/kulturelt publikum omkring lokalmenighetens betydning for utvikling av vårt nasjonale demokrati.

B.Økonomi:

Prosjektet har eit budsjett på 56 000 kroner, med 22 000 kroner i eigenfinansiering.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit fint kulturhistorisk arrangement knytt til Grunnlovsjubileet med mange samarbeidspartar. Det likevel ikkje prioritert til å høg nok regional verdi til å verte prioritert i denne samanheng.

Det tilrådest på avslag

5. Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse: Finansiering av konserter på konsertarenaer i Hordaland

søker 150 000,-

A.Utdrag frå søknad:

Søknad om finansiering av konserter på konsertarenaer i Hordaland, i forbindelse med Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse okt 2014

(...)Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse tar mål av seg til å være blant de beste og mest attraktive konkurransene for yngre pianister. Den verdifulle støtten vi får fra Stiftelsen Kr. Gerhard Jebsen gjør dette mulig, (...)

Edvard Grieg Internasjonale Pianokonkurranse har ambisjoner om å være noe mer enn en konvensjonell pianokonkurranse. Lokaliseringen på Troidhaugen, det tette samarbeidet med BFO, Griegakademiet og et stort antall profesjonelle og frivillige, skaper en egen intim ramme for konkurranseuken. Det mest nyskapende delprosjektet er likevel konsertturneen. Samarbeidet med Hordaland fylkeskommune tilførte konkurransekonseptet verdier i tråd med våre målsetninger: et mer inkluderende program for alle deltakerne gjennom hele konkurranseperioden, opplevelser av et miljø utenfor konkurranselokale og møter med lokalt publikum og musikkliv. Vi er selvsagt svært tilfredse med de svært gode evalueringene vi mottok fra de andre konsertarenaene etter konsertturneen i 2012, og både håper og tror at også HFK ser hvilken ekstra dimensjon konkurransen ble tilført med dette delprosjektet.

Fra 11. til 18. oktober neste år vil igjen ca 30 svært gode pianister fra hele verden være i Bergen for å delta i konkurransen (...). Alle kandidatene er kommet langt på veien mot en pianistkarriere og er fremragende musikere, men et flertall blir likevel slått ut i de innledende rundene. Som i fjor ønsker vi å sende disse på en turne i fylket og tilby konsertarenaer gratis konserter med disse. (...)For denne konsertturneen vil Troidhaugen gjøre en henvendelse til Baroniet i Rosendal, Ole Bull-akademiet på Voss, Musikkens venner i Nordhordland/'Knarren', Kabuso i Øystese, Oseana i Os og til Valestrand Kulturkyrkje/Valenheiemen i Sveio. I budsjettet har vi regnet på fem konsertsteder.

B.Økonomi:

Grunnkostnadene knytt til denne turneen vil innbefatte utgifter til planlegging, transport, forpleining, reisefølge, konsertvert og et beskjedent honorar til utøvarane, til saman 150.000 kroner

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit internasjonalt arrangement på høgt nivå som er flytta frå Oslo til Bergen og Troidhaugen. Det har vore gitt støtte frå HFK til konkurransen for to år sida, og ved handsaming av søknader knytt til Kultur- og ressursutvalet sin råddelkonto i 03.12.2013(sak 132/13) vart det løyvd 100 000 kroner til konkurransen generelt. Det vart då varsla at det også kom søknad direkte knytt til turnering i fylket. Denne turneringa nyttar dei kapasitetane som er med i konkurransen og knyter arrangements- og musikkmiljø i Bergen og andre stader i fylket. Tiltaket er slik vurdert å bidra til ei utvikling av større delar av kulturlivet i fylket både for at publikum kan få presentert desse framifrå unge musikanane og at dette kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers. Det er KODE avd. Troidhaugen som står som arrangør og ein ser det kvalitative nivået på prosjekt som godt, ikkje minst ved den erfaringa og resultatata denne konkurransen/arrangementet fekk ved gjennomføringa for to år sidan.

Det vert såleis tilrådd å delvis innfri søknadssummen med 100 000 kroner.

6.EDVARD GRIEG KOR: SØKNAD OM EKSTRALØYVING FOR 2014

Søker om 400 000 kroner

A.Utdrag frå søknad

Siden etableringen har koret vært i en situasjon med betydelig og kontinuerlig underfinansiering av virksomheten. Dette har medført et løpende likviditetsproblem som virksomheten nå ikke lenger klarer å håndtere. Så langt i 2014 har medlemmer i Styringsgruppen, Bergen Filharmoniske Orkester og Grieghallen måtte løse problemet ved kortsiktige lån og forskudtering.

(...)Det søkes således nå om at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune øker sine driftstilskudd for 2014 til kr. 600 000,- hver i samsvar med opprinnelig budsjettsøknader for året.

Som opplyst i møte 06.05.14 er Styringsgruppen av den oppfatning at koret ikke vil overleve ut 2014 uten den omsøkte økning av driftstilskuddet.

Bakgrunn.

Koret ble etablert under navnet "Kor Vest" i 2012 som Norges annet profesjonelle kor, med statlig delfinansiering over Kulturrådets budsjett. Etableringen skjedde etter betydelig press fra Bergen og Hordaland. (...)

Etter en audition med deltakere fra hele Europa ble KorVest i 2012 det første konsertkoret i Norge med fast ansatte sangere. Åtte sangere med høy profesjonell kvalitet ble ansatt i 60% stillinger. Koret ble etablert som venneforening og registrert i Brønnøysund registrene. Allerede i 2013 ble det åpenbart at verken virksomhetsmodell, administrativ struktur eller finansiering/driftsøkonomi var bærekraftig. Styrene i Bergen Nasjonale Opera, Bergen Filharmoniske Orkester, Festspillene i Bergen, Grieghallen AS og Kultur Vest besluttet da å etablere en Styringsgruppe, under ledelse av Kultur Vest, for å utrede et helhetlig bærekraftig fundament for den videre korsatsing. (...)

Det er Styringsgruppens oppfatning at det ikke er realistisk at koret kan drives for tredje år på rad med en fortsatt betydelig underfinansiering som resulterer i et akkumulert underskudd som indikert. Slitasjen og usikkerheten for alle som er involvert i i virksomheten er betydelige og åpenbare. I tillegg er korets likviditetssituasjon pennant kritisk og vil sannsynligvis medføre at koret, på et eller annet tidspunkt i løpet av 2014, ikke kan betale sine forpliktelser.

På denne bakgrunn er Styringsgruppen alvorlig bekymret for korets overlevelsessevne. Det er således nå kritisk å få gjennomført følgende tiltak:

- Tilskuddene fra fylkeskommunen og kommunen for 2014 må økes til kr. 600.000,- fra hver som omsøkt.
- Korets budsjett for 2015 må baseres på fortsatt meget nøktern drift og, i tillegg, på behovet for å sanere det tidligere akkumulerte underskudd i løpet av dette året.

B. Økonomi:

I etableringsåret 2012 var samla budsjett for koret 4 823 000 kroner. Den offentlige finansieringa då som vart brakt på plass var Staten v/Kulturrådet med 1 443 000 kroner. Budsjettet var ikkje basert på realistisk analyse. Rekneskapa for året viste såleis eit underskot på ca. 836.695,-. Årsresultatet er, etter Styringsgruppa si oppfatning, ikkje eit resultat av ukontrollert drift eller uansvarlig forbruk, men ligg i for dårlig budsjettering i forkant av etableringa, og ein betydeleg underfinansiering av koret si verksemd. Underfinansieringa av verksemda fortsatte i 2013. Vedteke budsjett for 2013 var kr 6,012,339 Den budsjetterte og faktiske offentlige finansiering dette år var:

Staten v/Kulturrådet : kr 2,847,000 - kr 2,400,000

Hordaland fylkeskommune : kr 250,000 - kr 0

Bergen kommune : kr 500,000 - kr 275,000

I tillegg til denne finansieringa bidro fylkeskommunen med kr.148,000,- til koret sitt regionale prosjektarbeid (KUP midler).

Rekneskapa for 2013 ventast gjort opp med eit overskot på omlag. kr. 120.000,-. Akkumulert underskot ved inngangen til 2014 vil såleis vere kr. 716.000,-. Koret sitt driftsbudsjett for 2014 vil vere eit budsjett i balanse ett i balanse med inntekter/utgifter på kr. 6,6 mill. Budsjettet forutsatte følgjande finansiering:

Staten v/Kulturrådet : kr. 2.800.000,-

Hordaland fylkeskommune : kr. 600.000,-

Bergen kommune : kr. 600.000,-

Fordelinga er basert på modell med 70% statleg og 30% regional og lokal fordeling. I statsbudsjettet for 2014 ble den statlige finansieringa auka til kr. 3,0 mill., altså kr. 200.000,- høgare enn søknadsbeløpet. Fylkeskommunen og kommunen har løyvd 200 000 kroner kvar.

De økonomiske konsekvenser av denne underfinansiering, vil ha som konsekvens at korets virksomhet må nedskaleres til et absolutt minimum i inneværende år. Som vist i Vedlegg 2 vil

likevel årsunderskuddet være ca. kr. 860.000,-. Det akkumulerte underskudd ved utgangen av 2014 vil da bli ca. kr. 1,6 mill

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det er gjort tydeleg i søknaden at dette behovet er prekært. Fylkesrådmannen ser etableringa av og eksistensen til dette koret som viktig, både når det gjeld den utøvande rolla dette koret har som ensemble, men også for utviklinga av eit breiare kormiljø på Vestlandet og i Hordaland, der dei vil spille ei rolle også for amatørkorrrørsla og utviklinga av unge korsongarar. Det omsøkte beløp på 400 000 er ikkje urimeleg, men då det er i overkant av 1/3 av den totale summen Kultur- og ressursutvalet har til rådvelde i 2014 vert det her tilrådd ei løyving på 200 000 kroner.

Behovet for auka løyvingar på sikt må takast opp igjen i budsjettarbeidet for 2015.

Det tilråddast i denne omgang 200 000 kroner.

7. Fartøyvern: tilskot til s/s Seladon, s/s Loyal og s/s Gurine

| Fartøy | Kostnad | Søknadsum |
|---------|-----------|-----------|
| Loyal | 1.765.000 | 415.000 |
| Seladon | 560.000 | 250.000 |
| Gurine | 2.214.896 | 350.000 |

A.Omtale:

Fartøyvernet er eit område som merkar seg ut med særskilde behov for offentleg medverknad til investering og drift. Statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar er små i høve dei dokumenterte behova i søknader frå lag, organisasjonar og eigarar av verneverdige fartøy. Retningslinene for ordningane er stramme; dei har først og fremst ei antikvarisk grunngjeving, stiller særlege krav til fartøya sin kulturminneverdi, og den antikvariske gjennomføringa av alle tiltak.

Tilskotsordningane er ikkje innretta i høve fartøy som har si hovudvekt litt til sida for det antikvariske, td som opplæringarena for born og unge, som ivaretek den eldre kystkulturen eller brukast for å skape opplevingar langs kysten. Dette gjer at fleire viktige fartøy i Hordaland fell utanfor dei offentlege ordningane. Dei fyller ikkje alle antikvariske spesialkrav, men har stor verdi i høve sentrale fylkeskommunale innsatsområde: born og unge, opplæring, kulturarena, frivillig innsats mv.

I sak PS 65 /2014, 13.05.2014 vart gjort følgjande vedtak: « Kultur- og ressursutvalet ber fylkesrådmannen vurdere ordningar for viktige fartøy som fell utanfor tilskotsordninga, til dømes s/s Seladon, s/s Loyal og s/s Gurine.»

Det vert i denne saka, som ei særskild løyving tilrådd styrking av fartøyvernet ved vedtak om støtte til dei tre omtalte fartøya som fell utanfor etablerte ordningar. Dette behovet må også vere del av Kultur- og idrettsavdelinga sine innspel om behova i budsjettet for 2017, og ein må som vedtaket etterspør vurdere meir permanente ordningar for støtte til slike typer fartøy som omtala.

| <i>Oversikt over tildelte midlar</i> | | | |
|--------------------------------------|---------|--------|---|
| År | Seladon | Loyal | Gurine |
| 2005 | | | Prosjektet med å restaurere Gurine blei igangsatt i 2011, då interesselaget overtok fartøyet. |
| 2006 | | 50.000 | |
| 2007 | 40.000 | | |
| 2008 | 50.000 | | |
| 2009 | 50.000 | 60.000 | |
| 2010 | | | |
| 2011 | 40.000 | 50.000 | |
| 2012 | | 40.000 | |
| 2013 | | 50.000 | |

| | | | |
|-----|---------|---------|--|
| Sum | 180.000 | 250.000 | |
|-----|---------|---------|--|

Om fartøya

A. SS LOYAL

Loyal vart bygd i Rosendal i 1877 av Knut Johannessen Nes. Nes bygde også Gjøa som Roald Amundsen segla nordvest-passasjen med. Loyal har ei lang historie som frakteskute, vart bygd for fiskefrakt, men tok også anna gods. I dag vert fartøyet vert mykje brukt i undervisningssamanheng for å ta vare på kystkulturen og Vestlandet sin sjøfartstradisjon. På folkemunne har Loyal namnet "Kvitegaleasen", grunna dei smekre linene og det kvitmåla skroget.

Tiltak i 2014

- a. Master og bommar skal pussast, reparerast og handsamast på nytt.
- b. Ståande rigg overhalast og del av stag og barduner skiftast ut.
- c. Dekket natast om på nytt.
- d. Ballast vert teken ut og botn innvendig reingjerast og inspiserast.
- e. 5-års klassing med akseltrykk samt inspeksjon av 3 kjølboltar og fundamentboltar.
- f. Gjennomføringar i skrog kontrollerast.

Søkjjer om kr. 415.00. Tiltaka kostar kr. 1.765.000

Fylkesrådmannen rår til å løyve kr 50 000 for 2014.

B. SS SELADON

To-mastra seglkutter på 58 fot bygd i Soldal i Hardanger i 1937. Fartøyet var opphavleg utrusta for fiske og har mykje originalt i seg. I meir enn 20 år har seglkuttaren vore ein del av miljøet på Smedholmen, og er mellom anna brukt i leirskuleverksemd. Seladon arrangerer turar og kurs for skuleungdom, barnehagar, folkehøgskular, lærarhøgskular, organisasjonar og bedrifter. Drifta av Seladon har gitt prisar frå Hordaland fylkeskommune, Forbundet Kysten, Fitjar kommune og Johannes Kleppeviks minnefond. Seladon driv eit breispektra arbeid for å fremje kystkultur.

Tiltak i 2014:

Fornyng av stormast og rigg. Hogging av mastrar er ein tidkrevjande prosess. Masta vart hoggen for fleire år sidan, og har lege i brakkvatn i 2 år. Arbeidet skal gjerast som del av kursverksemd.

Søkjjer om kr. 250.000. Tiltaket har ein kostnad på kr. 560.000.

Fylkesrådmannen rår til å løyve kr 100 000 for 2014.

C. SS GURINE

Gurine vart bygd som segljakt i Rosendal i 1874-1875 av båtbyggjaren Knut Johannessen Nes (Jøra-Knut). Av andre fartøy han bygde er polarskuta Gjøa(1872) og Loyal(1877) mest kjend. Gurine var i kommersiell fart heilt fram til 1980-talet. Då vart ho rigga om til galeas og låg i Bergen i 25 åra. Dei siste åra vart det dårleg med vedlikehaldet og ho var i svært dårleg stand då Interesselaget overtok. I mai 2011 vart galeas Gurine slept frå Bergen til Rosendal. Gurine vert no teken vare på og restaurert på ein framifrå måte og er vorten eit ikon for Rosendal.

Tiltak i 2014

Interesselaget søkjjer midlar til

- a. garnering
- b. mastrar og anna rundholt,
- c. materialar til dekkshus,
- d. spikar, naglar, segl og tauverk.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 2.214.896. Interesselaget søkjjer Hordaland fylkeskommune om kr. 350.000,-

Fylkesrådmannen rår til å løyve kr 50 000 for 2014.

8.Fjordabåtane: Søknad om drivstofftilskudd i forbindelse med Grunnlovskonvoien og Kysten Landsstevne i Oslo

Det søkjast om 50 000 kroner

A.utdrag frå søknad:

17. – 20. juli skal Forbundet Kystens Landsstevne arrangeres i Oslo. Dette skjer også i samarbeid med Norsk Forening for Fartøyvern, som er ansvarlig for Grunnlovskonvoien som starter i Florø 5. juli, med tilslutning av båter som kommer lenger nordfra og som via havner som Bergen, Bekkjærviik, Stavanger, Kristiansand, Risør, Sandefjord og Horten skal ende opp med innseiling på Oslo havn torsdag 17. juli. Tema for stevnet, som inngår som en del av den offisielle grunnlovsfeiringen er "Båten som nasjonsbygger".

Tyngdepunktet for norsk Kystkultur og fartøyvern ligger vest og nord for Lindesnes.

Og Oslo er på mange måter en utkant på Norskekysten. Derfor blir det lange seilingsdistanser for fartøyer fra Hordaland som vil delta. Hordaland er et foregangsfylke spesielt når det gjelder fartøyvern, med en stor verneverdig flåte (...) Verneverdige fartøyer fra Hordaland er strekt ønsket som deltagere i Oslo. Derfor er det ønskelig med bredest mulig deltagelse fra Hordaland. M/F "Skånevik" er leid inn for å ligge som festival/restaurantfartøy på stevnet, og får dekket utgiftene fra arrangøren i Oslo.

Av større fartøyer fra Hordaland som har bestemt seg for å dra er D/S "Oster", M/S "Granvin", M/S "Vestgar", S/J "Mathilde", S/K "Seladon" m.fl. D/S "Stord 1" med historie som Blåkors-skip i Oslo ville svært gjerne deltatt, men med kr. 200 000.- i drivstoff-forbruk er det ikke mulig om ikke det kommer tilstrekkelig med drivstoffmidler på plass.

B.Økonomi:

Bergen kommune har løyvd 50 000kroner til drivstofftilskudd. På vegne av Fjordabaatane søkast Hordaland Fylke om tilsvarande. Fjordabaatane vil i samarbeid med NFF fordele evt. tilskot til deltakande Hordalandfartøy.

Oslo kommune gir tilskot til sjølve stemnet. Det vert søkt tilskot frå ulikt hald, men alle deltakarar er oppfordra om å søke midlar lokalt i tillegg til det arrangøren måtte få på plass.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Drivstoffutgiftane er betydelege for desse kulturhistoriske fartøya, det vert lagt ned eit stort dugnadsarbeid i profileringa av denne tradisjonsrike kystflåten. Det vert tilrådd å innvilge søknaden for å støtte deltakinga i landsstevnet med 50 000 kroner.

9.Hordaland husflidslag; prosjekt «Raudlista handverksteknikkar for den kulturelle skulesekken»

søkker 150 000 kroner

A.utdrag frå søknad:

Hordaland Husflidslag søkker herved om prosjektmidlar kr. 150.000,- til å kartleggja og vurdere handverksteknikkar som er i ferd med å bli gløynde. Vi ynskjer å leggja til rette for at eit utval av raudlista handverksteknikkar kan koma inn som undervisningstilbod i den kulturelle skulesekken. Før vi kan tilby fagtilbod som kan høva direkte inn i den kulturelle skulesekken, ser vi det nødvendig å gjera eit grundig førearbeid, for å kunna gjera eit fornuftig og kvalifisert utval av teknikkar som høver til opplæring i denne ramma.

Prosjektmidlane vil derfor kunna finansera eit viktig kartleggjingsarbeid av trua/nær trua teknikkar i Hordaland fylke. (...) Det er utarbeidd ei såkalla «raudliste» for handborne kunnskapsområde, som har få og ofte eldre utøvarar, men som er viktige element i vår kulturarv. Raudlister vert i dag laga av lokale husflidslag, men også Norsk Kulturråd arbeider med raudlister for handborene kunnskap på nasjonalt nivå. (...)Raudlista er ei open og levande liste, som viser døme på handverk som er i faresona nett no. Når tid og levevis skiftar, kjem det nye tema som er aktuelle for lista.

Målsetjinga for dette prosjektet er å kartleggja handverksteknikkar i fylket, ut frå ei vurdering av kor mykje dei står i fare for å bli gløymd, sett i eit gjeve tidsperspektiv, t.d. 0-10 år, 10-50 år. Vi ynskjer å systematisera opplæringa i eit utval av slike teknikkar i høve til kva ressursar vi har tilgang til. Vi ynskjer å vidareføra kunnskapen til nye generasjonar ved både undervisnings- og aktivitetsbasert formidling, men også ved å digitalisera viktig dokumentasjon om kvart tema.

B.Økonomi:

Vi reknar med å ha utgifter til videokamera (bilde/lyd), laptop/pc, datarekvisita (stikker/CD), reise/kost-utgifter, undervisningsmateriell, leige av undv. lokale, faglitteratur og frikjøp fra anna arbeid om nødvendig

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette arbeidet er viktig for å få oversikt over kulturhandverk som står i stor fare for å forsvinne. I denne søknaden vert kartlegging langt fram som ein forfase til formidlingsprosjekt gjennom Den Kulturelle Skolesekken(DKS). Søknad om å delta i det fylkeskommunale turnéprogrammet har sine fristar og søknadsprosedyrar. Men eit slikt kartleggingsprosjekt er viktig og i prinsippet svært relevant for fylkeskommunen å støtte. Med den søknadssituasjonen som no er, finn ein diverre ikkje rom til å støtte dette prosjektet, men kan kome tilbake til ein søknad om kartleggingsprosjektet seinare.

Det tilrådest difor på avslag/ikkje rom

10. Ibis film; søknad om støtte til dokumentarfilmprosjektet «Fragmenter av tid»(K. Knudsen arkiv)

søker 150 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Fragmenter av tid er et filmprosjekt som tar utgangspunkt i fotoarkivet etter fotografen Knud Knudsen. Prosjektet er planlagt ferdigstilt som kinodokumentar i 2015, som en hundreårsmarkering for Knudsens død i 1915. Knud Knudsen er en av Norges viktigste pionér-fotografer og hans bakgrunn fra både Hardanger og Bergen gjør at han innehar en sentral plass i Vestlandets historie. Filmen vil både være en særegen filmopplevelse, nærmest som er reise i tid, og samtidig ha betydning som dokumentasjons- og formidlingsprosjekt.

Vi har gjennom arbeidet med filmen samarbeidet med en rekke arkiver og privatpersoner. Gjennom dette arbeidet har vi funnet mange nye opplysninger knyttet til fotografiene som i ettertid vil bli overlatt til arkivene, samt formidlet i forbindelse med filmen. (...)Gjennom dette prosjektet vil omfanget av foto-arven etter Knudsen og hans egen livshistorie, som på mange måter speiler en historisk epoke i Norge, bli hentet fram i lyset.

B.Økonomi:

Finansieringsplan: Fragmenter av tid – kinoversjon

| | |
|--|-----------|
| Totalbudsjett (estimert pr. januar 2014) | 2.200.000 |
| Vestnorsk filmsenter | 400.000 |
| Fond for lyd og bilde | 500.000 |
| Hordaland fylke | 150.000 |
| Private fond | 350.000 |
| Andre regionale midler | 200.000 |
| NFI/Norsk kulturråd | 600.000 |
| Sum | 2.200.000 |

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Støtta til filmproduksjon frå HFK går i all hovudsak via våre løyvingar til Vestnorsk filmsenter. Det er også viktig at fagfolk vurderer kvaliteten på filmene, og Vestnorsk filmsenter vårt organ for denne kompetansen. Det har i tillegg vore fleire høve der HFK i tillegg direkte har gitt støtte til filmar, då grunna i at dei har særskilt stor kulturhistorisk, dokumentarisk verdi. Fotografen Knud Knudsen har etterlate seg eit unikt materiale, og

vi ser at dette filmprosjektet kan ha verdi både for dei som allereie kjenner desse bileta og for å formidle denne kulturarven og mannen bak til nye folk. Dette prosjektet har såleis verdi for heile Vestlandet og utover landet elles. Prosjektet har fått støtte frå ulike filmfaglege instansar noko som tilseier kunstnarleg kvalitet. Selskapet og filmskaparane har også lang erfaring som viser at dei har kvalitet i produkt og produksjon og gjennomføringsevne. Ein ville gjerne ha løyvd nokon midlar til dette prosjektet, men finn ved den noverande søknadssituasjon ikkje rom for dette.

Det tilrådest difor på avslag

11. Jade Hærem Aksnes; søknad om støtte til eksamensfilm

Søker kr. 30 000,- i produksjonsstøtte

A. Utdrag frå søknad:

Undertegnede er 26 år, filmregissør, og født og hjemmehørende i Bergen. Jeg har laget en rekke filmer som har fått meget god mottagelse, og som blant annet har ført til at jeg i 2011 ble tildelt Bergen kommunes etableringsstipend for kunstnere.

Suksessen jeg har hatt med filmene har også ført til at jeg i sterk konkurranse med svært mange kvalifiserte søkere, har fått plass på regilinjen ved American Film Institute Conservatory (AFI) i Los Angeles, en institusjon som er rangert som verdens fremste innen filmutdanning(...) Bakgrunnen for at jeg søker fylkeskommunen om kulturmidler er at jeg som avslutning på studiet ved AFI nå i vår, skal regissere filmen GOLDEN THREAD som jeg selv har skrevet manuset til.

Filmen handler om 7 år gamle Lisa som har mistet mammaen sin, og har et budsjett på \$ 60 000 dvs ca. 360 000 kr. som må finansieres gjennom tilskudd fra private sponsorer eller fra offentlige institusjoner (...). Filmen vil forøvrig bli distribuert til en rekke filmfestivaler og TV-stasjoner, og vil gjennom det kunne få et betydelig publikum både nasjonalt og internasjonalt. Ellers kan jeg opplyse at jeg flytter tilbake til Bergen til sommeren og ønsker i fortsette mitt virke som filmskaper både på den nasjonale og internasjonale arena med hovedbase herfra.

B. Økonomi: budsjett 360 000

C: Fylkesrådmannen si vurdering:

Støtta til filmproduksjon frå HFK går i all hovudsak via våre løyvingar til Vestnorsk filmsenter. Det er også viktig at fagfolk vurderer kvaliteten på filmene, og Vestnorsk filmsenter vårt organ for denne kompetansen. Det har i tillegg vore fleire høve der HFK i tillegg direkte har gitt støtte til filmar, då grunna i at dei har særskilt stor kulturhistorisk, dokumentarisk verdi. Denne filmen er ein fiksjonsfilm utan dokumentarisk grunnlag, og dette eksamensfilmprosjektet kjem difor ikkje inn under dei prioriterte søknadane.

Det vert tilrådd avslag.

12. Kulturkamelonen AS: Feitaboogie Exchange

Søker 10 000 kroner

A. Utdrag frå søknad:

Vi driver med musikk og kultur og er veldig opptatt av kulturell utveksling og skal derfor nå reise til Colombia. I den forbindelse søker vi dere om en økonomisk støtte til The Feitaboogie Xchange 2013/14

Målet for Feitaboogie utveksling er å opne kanalar for kulturkunnskap og inspirasjon over landegrensar . Dette er ei utveksling mellom musikarar og av musikk frå Noreg og Colombia. Dei tre musikarane Pedro Ojeda Acosta(Colombia) og Eirik Breivik Minde(N/Hordaland) og Are Arntsen(N/Hordaland) vil utgjere hovudstammen i denne utvekslinga og i tillegg vil der vere andre musikarar involvert både i Colombia og Noreg.

Total recording days booked: 3

People involved (musicians and technical): 15 (so far confirmed).

Activities:

In Norway (December 2013):

19th: Christmas concert with the Roots choir, Erdal church, Askøy.

20th: Studio session at the Feitaboogie Basement Studio. (Recording audio and video)

21th: The Chameleon Christmas Concert on Sotra and Askøy. (2 performances)

26th: Concert with the band Sovjet on Askøy.

27th: Jazz concert at Biblioteket Bar, Bergen.

B.Økonomi:

Utgifter i Noreg: 45 680 NOK

Utgifter i Colombia: 87 700 NOK

Privat finansiering: 60 680 NOK

Søknader er sendt til Hordaland Fylkeskommune, Bergen Kommune, Askøy Kommune og Vestnorsk Jazzsenter

Inntekter:

Billetter/honorar kr 8,000.00

Founding (15-30%) kr 12,000.00

Sponsorer kr 5,000.00

Privat founding kr 20,680.00

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette vert ikkje vurdert til å kome høgt nok på prioriteringslista når det gjeld regional utviklingsverdi til å kunne innstillast på stønad.

Tilråding avslag

13.Kunst- og designhøgskolen i Bergen(KHiB): *Bergen International Wood Festival 11- 17. mai 2014*

Søkker om støtte på 55 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Bergen International Wood Festival (BIWF) er en biennale som eksperimenter med trematerialer, styrker tradisjonelt bruk av tre og fremmer fremtidsrettet anvendelse av trevirke. Trefestivalen BIWF manifesterer samtidig Bergen som en moderne, nordisk treby og Hordaland som et fylke som utfordrer skogbruk og bruk av tre som et ledd i regional kultursatsning.

BIWF 2014 er den 5. i rekken av trefestivaler etter at Bergen ble nordisk tresentrum/treby og har hatt deltakere fra 31 ulike nasjoner. De internasjonale lagene består hver av tre medlemmer med bakgrunn som arkitekter, arkitektstudenter, kunstnere, designere, håndverkere, mm. Vi regner med 60 deltakere i år som ved tidligere års festivaler.

Nytt av året er at BIWF 2014 vil foregå samtidig som grunnlovsjubileet og festivalens treskulpturer vil med temaet «CONTINUATION» skape et fantastisk bakteppe også for markeringen av vår 200 år grunnlov. I samarbeidet med Byantikvaren er dette også en fantastisk måte å vise frem Vågsbunnen med sine historiske kvaliteter og kultur- og næringsmessige utviklingsmuligheter.

B.Økonomi:

Kunst- og designhøgskolen stiller som koordinator for BIWF 2014, med hovudstøttespillerne gjennom Treklang - Bergen kommune, Fylkesmannen i Hordaland, og håper no på også støtte frå Hordaland Fylkeskommune då det er eit underskot på budsjettet for 2014.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Denne festivalen har vore viktig for utviklinga av bruken av tre, den koplpar studentar og fagfolk frå ulike fagområder og land. Den koplpar også tradisjonelt handtverk og opplæring, kunst og arkitektur. Den

sett eit spanande preg på Bergen i ein periode der det er mange tilreisande, både frå kommunane rundt byen, landet elles og utlandet. Tiltaket har så stor regional verdi at det vert prioritert med 40 000 kroner.

Det tilrådest såleis på ei støtte på 40 000 kroner

14.Litteraturhuset i Bergen/Islandsk uke; støtte til utstilling

Søkjer 10 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Søknad om støtte til utstillinger under Menningarsjokk – islandske dager ved Litteraturhuset i Bergen 3.–6. april 2014. Søker herved om 10 000,- i støtte til utstyr og frakt i forbindelse med Elvar Örn Kjartanssons utstilling under Islandske dager ved LiB, og til kostnader knyttet til Katrin Berges utstilling under samme festival.

B.Økonomi:

Kostnader ved utstilling for Elvar Örn Kjartansson: 8698kr

Stipulerte kostnader ved utstilling for Katrin Berge Opptrykk og innramming av bilder: 1302,-

Totalt: 10 000,-

C. Fylkesrådmannen si vurdering:

Det vart løyvd 12 000 kroner til den Islandske veka samla gjennom ordninga Ålmenne kulturføremål ved møte i Kultur- og ressursutvalet 13.05. Fylkesrådmannen ser ikkje at det skal løyvast ytterlegare midlar til denne utstillingsdelen.

Det tilrådest såleis på avslag.

15.Opera Bergen: produksjon og framsyning av Egil Hovlands opera "Fange og Fri" på Bergenhus festning og på Moster Amfi

søkjer 350 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Opera Bergen skal produsere og presentere Egil Hovlands eneste opera – FANGE og FRI – som er basert på historien om Hans Nielsen Hauges liv og virke. Produksjonen blir fullscenisk, og er planlagt fremført med tre forestillinger i Borggården på Bergenhus Festning i mai og i Moster Amfi på Bømlo i pinsen 2014.

Bakgrunn

2014 er året for 200-årsmarkeringen av Norges grunnlov, og det er mange grunner til å løfte frem de samfunnsmessige bevegelsene som førte frem til denne milepælen i norsk historie. Hans Nielsen Hauge stod frem i en sosial og kulturell gjæringstid, hvor nasjonale ideer og folkelige strømninger fikk det gamle eneveldets samfunnssystem til å knake i sammenføyningene. Gjennom sin virksomhet som folkevekker, industriherre og sosial reformator drev han takten opp i den omveltningsspross som bare så vidt var kommet i gang da han så dagens lys, og blant Eidsvollsmennene var det flere med bakgrunn fra Hans Nielsen Hauges krets.

Grunnlovsjubileet er således et viktig utgangspunkt for å produsere Hovlands Fange og Fri. Opera Bergen har i tillegg fått et godt samarbeid med Moster Amfi, og skal sette opp forestillingen også der; på tusenårsstedet som symboliserer den kristne arven som Norge er tuftet på. (...)

Ett av Opera Bergens varemerker har vært å stadig finne nye, tjenlige og overraskende arenaer for sine produksjoner (foruten de tradisjonelle på Den Nationale Scene og

Grieghallen). Her kan nevnes Bergenhus Festning, en flyhangar, Espeland Fangeleir, en skipshall og i et åpent byrom ved Damsgårdssundet. (...)

B.Økonomi:

Totalbudsjett for 5 framsyningar 2 564 000 kroner. Billetttinntekter utgjør omlag 700 000 kroner, eller er det søkt ulike private og offentlige bidragsytarar.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

HFK og Bergen kommune har vedteke at driftstøtte til opera skal gå gjennom Bergen Nasjonale Opera, mens andre kan søkje prosjektstøtte. Opera Bergen har dei siste åra hatt små midlar men likevel sett opp ganske tunge produksjonar. Denne produksjonen har mange element som tilseier prosjektstøtte frå HFK; den skal framførast i fleire deler av fylket, dette eit verk av ein av Noregs sterkaste komponistar i moderne tid, tematikken er relevant for Grunnlovsjubileet. Det er likevel ikkje høve til å innfri heile søknadssummen, men det tilrådest ei delvis innvilging. Då dette nok vil føre til at prosjektet ikkje kan få det omfang som det er omsøkt om, står det fritt til søkjar å prioritere.

Det tilrådest såleis ei løyving på 100 000 kroner

16.Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus(Odda): Søknad om ekstraordinært driftstilskudd for 2014

Det søkjast om 110 000 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Som kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune er kjent med, har Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus et akutt behov for driftsmidler. Sentralbadet Litteraturhus ble på kort tid tatt i bruk som det andre litteraturhuset i Norge. Huset er til tross for at det ennå ikke er ferdigstilt i full bruk under Litteratursymposiet og ellers når styret for stiftelsen ser en mulighet for et arrangement. Huset har så langt vært arena for opplesninger, debatter, bokprat og konserter. (...)

Til tross for en eventyrlig start for litteraturhuset, hvor mange instanser og institusjoner bidro med midler og arbeidskraft/dugnad til både innvendig og utvendig restaurering av huset, har det tatt tid å skaffe de siste midlene som er nødvendig for å få ferdigstilt huset. Det er nå svært viktig for styret i Litteraturhuset og mange med oss i Odda at Litteraturhuset omsider blir fullført, slik at vi kan få til normal drift av huset, og videreføre den suksessen og entusiasmen som huset har generert siden planene først ble lansert i oktober 2009. Et ferdigstilt hus i full drift vil også være et naturlig utgangspunkt for ny næringsutvikling i Odda og regionen hvor kunnskap og litteratur står i sentrum. Initiativet til et litteraturhus i Odda ble tatt som en konsekvens av, og en videreføring av litteratursatsinga i Odda i over ti år. Siden den spede begynnelsen i 2002 har satsinga økt jevnt og trutt og førte i 2009 til en eksplosiv vekst for den årlige litteraturfestivalen, Litteratursymposiet(...) Og i 2011 var besøkstallet oppe i 8000. Med Sentralbadet litteraturhus som en helårsarena for litteratur, kunnskap og debatt i denne regionen, vil utviklingen og veksten kunne fortsette.

Det er tidligere inngått intensjonsavtale med Stiftelsen for høgskoleutdanning i Hardanger om leie av undervisningslokaler i 2. etg. mot sør i Sentralbadet. (...)Planene for en slik innflytning har dessverre blitt utsatt ettersom huset ikke har vært i stand til å tilby egnede lokaler. De planlagte undervisningslokalene ligger i den fløyen som tilhører byggetrinn 2, mens den ferdigstilte delen er bygd for, og må være disponibel for offentlige arrangement.

(...)Parallelt gjennomføres gjenstående elektroarbeid i 1. etasje, gjenstående bygningsmessig arbeid i 1.etasje, noe bygningsmessig arbeid i 2. etasje og innkjøp og oppsett av inventar og kjøkkenutstyr i 1. etasje.(...)

B.Økonomi:

Odda kommune har som tidligere skrevet satt av en 30 % administrativ stilling til drift av huset for perioden 2014-2015. Det vil gi god oppfølging av videre byggearbeid og til administrasjon av utleie av den delen av huset som kan brukes til møter og arrangement. Stiftelsen har nå et akutt behov for midler til ordinær drift som strøm, forsikring, regnskap og kontorutgifter for at huset etter hvert skal kunne etablere en god drift og en bærekraftig økonomisk situasjon.

Driftskostnadene utover lønsutgiftene som er nemnt er berekna å ligge på 110.000. I tillegg kjem utgifter knytt meir direkte til arrangement. Desse arrangementsutgiftene er budsjettert å bere seg med inntektene dei får på dette.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det er løyvd midlar frå HFK til dette huset m.a. gjennom støtteordninga for kulturbygg med regionale funksjonar. Litteratursymposiet i Odda får driftstøtte over HFK sitt kulturbudsjett, då denne festivalen har vakse seg til å verte den sterkaste litteraturfestivalen i fylket, ein festival som også er viktig nasjonalt. Det er ikkje vurdert som aktuelt å gå inn med årleg driftsstøtte til dette litteraturhuset, men når ein ser den rolla litteraturhuset m. .a. kan ha i samanheng med festivalen ser fylkesrådmannen det som hensiktsmessig å gå inn med dei omsøkte midlane som ei eingangsløyving for å hjelpe stiftinga til å få drifta av huset til å stå på egne bein.

Det tilrådest såleis ei støtte på 100 000 kroner.

17.Stiftinga Lyngheim: Det historiske tunet på Lyngheim

Søkjer 250 000,-

A.Utdrag frå søknad:

Søknad om finansiering av kunst- og kulturformidling knytt til det historiske tunet på Lyngheim. Den sosiale og kulturelle møtestaden ved turvegen langs fjorden.

Styret for Stiftinga Lyngheim har inngått ein samarbeidsavtale med Os kommune om oppbygging av eit historisk tun med ei samanbygd lemstove som ein kulturell og sosial møteplass i Lyngheimparken. Stiftinga søkjer om tilskot kr. 250. 000 til kulturformidlingsprogrammet i det historiske tunet – eit tiltak av stor verdi for sentrumsutviklinga i Os og ein viktig del av Vestlandets kulturhistorie.

I det kommunale friluftsområdet på Lyngheim er det historiske tunet no i ferd med å bli røyndom – eit aktivitetsområde for alle aldersgrupper: barnehagar og skuleklassar, familiar og turvandrarar, funksjonshemma og eldre. I den vestre delen av friluftsområdet er den lange lemstova frå Tveit under gjenreising, og tunet skal etter planen ferdigstillast i 2014. Her blir det gode uteareal, som ein møtestad og ein base for bruken av området, med universell tilrettelegging for rullestolavhengige, toalett med universell utforming og eit stort eldhuskjøken med grue og bakaromn. Her opnar vi eit vindauga mot historia og handverkstradisjonane i Os, særleg bygningskunsten, vevkunsten og rosemålar-kunsten.

Som ramme for den kulturelle og sosiale møtestaden gjenskaper prosjektet eit historisk tunmiljø omkring handverkstradisjonar i Osbygdene. Kjernen i tunet er ei innhaldsrik lemstove med alt under eitt tak, som ein utløpar av langhustradisjonen frå vikingtid og mellomalder: vedhus, stove, eldhus, bu, sval og loft.

Formidlingsdelen vil bli utvikla i samarbeid med skulane i Os; og «Livet kring den opne elden» og «Generasjonsmøte» kan stå som stikkord for den sosiale fellesskapen, med særleg vekt på økologiske mattradisjonar og eldre handverk som rosemåling og veving – den gamle folkekunsten som set farge på kvardagen.

B.Økonomi:

Finansieringsmodellen har tre byggetrinn. Søknaden til Hordaland fylkeskommune er under byggetrinn 3.

Om byggetrinnet:

Utvendig og innvendig ferdigstilling,
eldhus med grue og bakaromn, universelt
utforma toalett, uteområde, vedhus/skykkje,
uteamfi, utstyr, utstilling, DVD, katalog

Extrastiftelsen 950 000,-

| | |
|-------------------------|-------------|
| Gjensidigestiftelsen | 500 000,- |
| Sparebanken Vest | 450 000,- |
| Hordaland fylkeskommune | 700 000,- |
| Næringsliv | 440 000,- |
| Dugnad | 600 000,- |
| Totalt | 3 040 000,- |

Det går ikkje helt klart fram av søknaden om dei 250 000 kr til kulturformidlingsdelen er inkludert i summen på 700 000,- under byggetrinn 3, eller kjem i tillegg.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er eit stort prosjekt, med fleire byggetrinn, der denne søknaden gjeld kulturformidlingsdelen under byggetrinn 3. Det er også sendt ein søknad om støtte til dette prosjektet til Regionalavdelinga HFK. Styrken i prosjektet er det frivillige engasjement og den praktiske tilnærminga med mange aktivitetar. Ein saknar at prosjektet ikkje legg vekt på samarbeid med eit konsolidert museum, som gjerne har nærliggjande tema i si formidling, slik at nyhendeverdien i formidlinga vert meir tydeleg. Prosjektomtalen har eit veldig omfattande fokus, og det er såleis vanskeleg å få god nok oversikt over formidlinga slik søknaden no er utforma. Ein kan evt kome tilbake til søknad som f.eks går på konkrete formidlingsprosjekt/underprosjekt.

Det tilrådest såleis avslag på denne søknaden.

18.Strix/Arkikon: søknad om støtte til 3D-animasjon av «Bryggen 1700-tallet»

søker kr. 100 000,-.

A.Utdrag frå søknad:

Da Strix og Arkikon har en sammenfallende interesse for visuell rekonstruksjon av Bryggen i Bergen på 1700-tallet søker vi midler for å realisere dette. Prosjektet består av en rekke 3D-animerte filmer og defineres som innovativ historieformidling. Konstruksjon av 3D-modellen og rekonstruksjon av Bryggen utgjør et så stort økonomisk løft at vi er avhengig av ekstern støtte for å realisere prosjektet. Strix Televisjon skal produsere TV-serien "Anno 1764" for NRK med oppstart i Bergen august 2014. Anno 1764 er en konkurransedrevet reality der 14 deltakere samles i en tidskapsel hvor alt er som det var for 250 år siden, midt i dagens Bergen. Deltakerne skal leve sammen og konkurrere mot hverandre, jobbe seg opp fra fattigdom og slit til rikdom og ære. De skal lære seg helt nye ferdigheter, leve som sine forfedre og forstå sin egen historie. Vårt formål er gjennom Anno å vekke interesse for hvorfor byen- og vi er som vi er i dag. Vi jobber med undertittel «På våre forfedres skuldre» og vil i en underholdene setting nå store deler av Norges befolkning. Gjennom serien vil vi også formidle byens historie og håndverkstradisjoner og gjenskape bryggen i Bergen fra tidsperioden, både gjennom dramatiseringer og visuell rekonstruksjon. Arkikon har tidligere gjenskapt Bergen 1300-tallet gjennom flere animerte filmer, og med dem som referanse har vi innledet et samarbeid om 1700-tallet. Arkikon ønsker å lage en tilsvarende 3D-animasjon for tidsepoken, samt nå et større publikum i sin historieformidling. For Strix er det viktig at den historisk visuelle fremstillingen av bryggen 1764 blir så korrekt som mulig, og vi ønsker å gi TV-seeren den optimale opplevelsen av tidsepoken.

B.Økonomi:

Budsjett:

| | |
|---|---------------|
| Komponert musikk | kr 150 000,00 |
| Grafikkpakke - konsept, logo, vignett | kr 350 000,00 |
| 3D grafikk - modell av Bergen - Arkikon | kr 220 000,00 |
| Research og kart til 3D-modellen - Bergen Byantikvar | kr 30 000,00 |
| Droneopptak til vignett og grafikk | kr 50 000,00 |
| Alle andre opptak til vignett og grafikk gjøres og kostes av Strix. | |

Finansiering:

| | |
|--|---------------|
| Grafikkpakke i arbeidsbudsjett fra NRK og egenfinansiering | kr 580 000,00 |
| Søknadssum Riksantikvaren | kr 120 000,00 |
| Søknadssum Hordaland Fylkeskommune | kr 100 000,00 |

C.Fylkesmannen si vurdering:

Dette er eit spanande prosjekt som vil fokusere på Bryggen i ein tidsperiode som elles ikkje er så godt kjent for ålmenta. Produsentane har god erfaring, og har all grunn til å kunne skape eit godt produkt. Samstundes etterlyser ein i prosjektoptalen meir om basis for det historiske innhald med omsyn til mellom anna bruk av kjelder og moglege samarbeid med musea som har Bryggen som sitt formidlingsansvar i regional plan for museum. Formidling av kulturarv og historie til eit stort publikum er viktig, og prosjektet og produktet vil kunne styrkje interessa for regionen si historie. Men dette har også eit kommersielt aspekt, og i den omtalte svært tronge økonomiske situasjonen i forhold til omsøkte behov finn ikkje fylkesrådmannen rom for å støtte dette prosjektet.

19. Studenter ved bachelorstudiet KHiB: Publikasjonsstøtte/katalog

søker 16 900 kroner

A.Utdrag frå søknad:

Det søkes herved om økonomisk støtte til å produsere en publikasjon på vegne av en gruppe nyutdannende kunstnere i forbindelse med eksamineringen i Bachelorstudiet i kunst 2014 ved Kunst og Design høyskolen i Bergen. Midlene skal benyttes til å dekke kostnader på å trykke opplag av publikasjonen. (...) Vi er en gruppe på 22 kunstnere som skal stille ut våre prosjekter under Bachelorutstillingen 2014. Utstillingen vil være i Bontelabo i Skuteviken i perioden 14. – 18. mai. I forbindelse med vår felles avgangsutstilling ønsker vi å lage en publikasjon som skal tilby en kort presentasjon av kunstnerne og introduksjon til hvert kunstverk. Det vil være arbeid innen ulike medier som fotografi, grafikk, keramikk, tekstil, lyd, maleri, tegning, nye medier, performance, skulptur, og video.

Publikasjonen blir en katalog i A5 format med et omfang på om lag 48 sider. (...)Publikasjonen skal være et supplement til vår avgangsutstilling og arbeidene som blir vist. Distribusjonen vil hovedsakelig foregå under utstillingen hvor den gis ut til besøkende som vil kunne ta den med seg. Den vil imidlertid også bli sendt ut til kunstinstitusjonene i Bergen. Slik får den en nytteverdi oss kolleger i mellom til å knytte forbindelser innen fagmiljøet.

B.Budsjett og finansiering:

*Utgiftene på trykking av katalogen har en totalsum pålydende 16 950 ,-
Utgiftene til å produsere katalogen kommer i tillegg til materialutgifter hver enkelt har med å produsere og ferdigstille arbeid for utstillingen. Andre utgifter til lys og material for montering og bygging i ferdigstillingen av lokalet til utstillingen på Bontelabo, inngår i et separat budsjett forhandlet av skolen. Derfor søker vi lokale næringsbedrifter om midler til å dekke produksjonskostnadene. Vi vil selv stå for utforming og layout, samt distribusjon av katalogen.*

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen ser ikkje dette som eit område å prioritere. Der er flotte avgangsutstillinger av både bachelor- og masterstudantar ved dei ulike avdelingane ved Kunst- og designhøgskolen i Bergen, og HFK har ikkje vore økonomisk involvert i desse. Fylkesrådmannen ser det heller ikkje som eit fylkeskommunalt ansvar å gå inn med støtte til katalogar til desse.

Det tilrådest såleis på avslag

20. Teaterdrift Bergen AS: søknad om ekstraordinær driftstøtte

Søker om tilskot på 250 000 kroner for drift av Cornerteateret i 2014.

A.Omtale:

Teaterdrift Bergen A/S er oppretta som eit driftsselskap for teaterhuset Cornerteateret, med Vestlandske teatersenter (VT) og Proscen som eigarar av selskapet. VT og Proscen er dei to organisasjonane som har teke initiativ til og nyttar Cornerteateret, VT med teaterskole og tilbod til frivillig sektor, og Proscen som koordinator av det profesjonelle, frie scenekunstmiljøet. HFK gir driftsstøtte til både Proscen (105 000 i 2014) og Vestlandske teatersenter (392 000 i 2014). Driftsstøtta til Vestlandske teatersenter vart auka med 150 000 frå året før for å stø meir opp om organisasjonen og arbeidet dei gjør i Cornerteateret.

Hordaland fylkeskommune mottok frå Teaterdrift Bergen A/S søknad om ekstraordinær støtte til driften av Cornerteateret, datert 10.april 2014. Fylkeskommunen har også tidlegare vore varsla munnleg om den vanskelege økonomiske situasjonen for Teaterdrift Bergen AS.

I søknaden frå 10.april viser Teaterdrift Bergen A/S til krisesituasjonen som rår for Cornerteateret i dag. Bergen kommune har bevilga eit ekstraordinært tilskot til Teaterdrift Bergen A/S på 311 000 kroner.

Teaterdrift Bergen A/S har fått midlar frå HFK via ordningane Tilskot til lokale kulturbygg og frå Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar – til saman 1 000 000 kroner fordelt på 2 år(2012 og 2013).

I fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg for 2014 vart det fremma ei driftsstøtte til Teaterdrift Bergen A/S på 200 000 kr. Dette vart stroke i det politisk vedtekne budsjettet.

B.Økonomi:

Det er no utarbeidd eit naudbudsjett. Tidlegare vart det sett opp eit totalbudsjett på 4 645 000, med 1,2 mill. i avvik. Naudbudsjettet er justert til 4 298 446 kroner og kan gå opp med ei ekstraløyving frå Bergen kommune på 311 000 kroner og Hordaland fylkeskommune med 250 000 kroner. Bergen kommune har innvilga den summen dei vart omsøkt.

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Det er vurdert som viktig at dette teaterhuset ikkje må legge ned drifta etter kort tid. Cornerteateret dekker eit behov både for teateraktivitetar for barn og unge, og ikkje minst for det frie, profesjonelle scenekunstmiljøet. Fylkesrådmannen ser dette huset som av regional betydning for begge desse miljøa, og ser det nyskapande i og potensialet i at både profesjonelle og amatørar/barn og unge held til i same hus. Det har lenge vore mangel på lokale for dei frie scenekunstgruppene i Bergen, og Cornerteateret tilbyr no både prøvelokale og arena for framсыning, noko som er essensielt for at det også kan produserast ny scenekunst i fylket og at det frie scenekunstmiljøet kan utviklast. Det er ei fylkeskommunal prioritering å støtte å legge til rette for infrastruktur på kunstfeltet.

Denne søknaden er for inneverande år, og det ligg også føre ein driftssøknad for 2015 frå Teaterdrift AS som må takast stilling til i budsjettssamanhang. Det å gå inn med dei no omsøkte krisemidlane vil legge ei føring på korleis ein tek stilling til vidare driftsstøtte til Cornerteateret, og på grunnlag av det overståande stiller fylkesrådmannen seg positiv også til vidare driftstøtte.

Det tilrådest ei støtte på 200 000 kroner

21.Torgdagen i Bergen

Søkjer om tilskot på kr. 25 000

A.Utdrag frå søknad:

Torgdagen har halde det gåande sidan 1977 på grunn av stor dugnadsinnsats frå styret og har tidlegare fått gratysytingar både frå bedrifter og det offentlege. Dette har falle heilt bort dei siste åra og alle varer og tenester må kjøpast til ordinære, kommersielle prisar utan rett til momsfrådrag.

B.Økonomi:

Inntekter:

SUM offentlige tilskudd 215 000,-

SUM privat sektor 90 000,-

SUM INNTEKTER 305 000

Utgifter:

Administrasjonsutgifter, utvikling av kulturprogram, artisthonorar, marknadsføring, teknisk tilrettelegging osv.

SUM KOSTNADER 305 000,-

Fylkesrådmannen si vurdering:

Torgdagen har gjennom mange år fått ei viss støtte frå HFK gjennom ordninga Ålmenne kulturføremål. Denne søknaden høyrer godt inn under kriteria der, og er eit positivt kultur- og kulturhistorisk arrangement som knyter by og bygd saman.

Det tilrådest på ei støtte på 15 000 kroner til årets Torgdag.

22.Ung i Kor-Vest: Barnekorfestivalen Europa Cantat junior

Søkjer om 200 000 – til saman(dvs. 120 000)

A.Utdrag frå søknad:

European Choral Association har bedt Ung kor i Vest om å arrangera ein stor barnekorfestival sommaren 2014. Visjonen er: Syngjande, glade barn i Bergen ei veke i strekk, med venskap mellom barn frå ulike land, opne arrangement og allsongarrangement for lokalbefolkninga og tilreisande. Europa Cantat juniorfestivalen legg stor vekt på det musikalske innhaldet, og hentar dei beste instruktørarane fra inn- og utland. Det ligg også ein solidaritetstanke i botnen av festivalen. Difor har programmet felles workshops, ikkje konkurransar. Det er gradert festivalavgift, regulert etter levekostnader i landet der kora kjem frå.

Festivalen skal gå føre seg i Bergen 30.juli til 6.august 2014.

Det har vore stor påmelding, i underkant av 900 deltakarar, som kjem frå 13 ulike land, inkludert Kina, Grønland og Skandinavia. Dette innebærer at forhåndsomtale og annonsering har fungert etter planene, noe som var en viktig del av forprosjektet.

Vi er per idag rundt 200.000 kroner i minus, og da har vi skåret utgiftene inn til beinet. Vi har ellers stor fremdrift mot festival, og er i disse dager i ferd med å slutføre regionaldag-planene. Jondal, Fjell, Os, Radøy kommuner vil få festivalbesøk, i tillegg til Bergen.

Det er mye positivt på planleggingssiden. Det kommer blant annet en internasjonal gruppe ungdommer for å hjelpe til under festivalen. Det er også gledelig at HKR Kronprins Haakon vil være festivalens beskytter.

B.Økonomi:

Budsjettet er på kr 4031.000.

Søkjer HFK om kr 200.000 – totalt over to år

Festivalen fekk ei løyving frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto på 80 000 kroner i sak 66/13 den 04.06.2013, med merknaden « Kan eventuelt vurdere større sum neste år.»

B.Fylkesrådmannen si innstilling:

Som signalisert i sak og merknad ved handsaming av søknad om støtte til festivalen i 2013 ses dette på som eit positivt tiltak for barn og unge med internasjonal tyding. Dette er viktig og utviklande for dei tilreisande og direkte deltakande korsongarane, men byr også på positive opplevingar for innbyggjarane her i fylket. Fylkesrådmannen vil gjerne tilrå ei ytterlegare støtte til denne barnekorfestivalen også i år, og finn rom for eit mindretilskot.

Det tilrådest på ei støtte på 40 000 kroner.

23.Vestlandske teatersenter; Søknad om støtte til teaterfestivalen Mini Midi Maxi – ti årsjubileum

søkjer 150 000 kroner

a.Utdrag frå søknaden:

Vestlandske Teatersenter er stolt av at Mini Midi Maxi i år kan feire sitt 10 års jubileum. Vårt ønske er at 10-års markering skal begeistre, utfordre og engasjere. Vårt mål er at festivalen fortsatt skal være til for vår viktigste målgruppe barn og ungdom.

Hvem skal bestemme hva som er godt teater for barn og ungdom? Hva som engasjerer dem, får

dem til å undre, reflektere og la seg begeistre? Vår tanke har i alle disse årene vært at dette må springe ut fra barna og ungdommen. (...)Like viktig som å ta barn og unge på alvor for oss som arrangør er å finne kompanier som gjør dette i sine produksjoner. De skal være opptatt av å gi sitt unge publikum en seriøs tilnærming til handling, kvalitet og variasjon. Vi som arrangør skal kunne stole på at festivalens kompanier legger like mye engasjement og arbeid i å produsere frem forestillinger for barn som om de hadde jobbet mot et voksent publikum.

Mini Midi Maxi skal være på barnas premisser. Festivalen skal vise det brede spekteret av muligheter i en fascinerende teaterverden.

Det skal presenteres teater frå både norske, europeiske og kompani utanfor Europa. Så langt er festivalen planlagt inn på følgende scener: Cornerteateret, Den Nationale Scene, USF, Studio Bergen. Er også i dialog med Logen Teater, Litteraturhuset og VilVite.

B.Økonomi:

INNTEKTER:

Billettinntekter 300 000,-

Bergen kommune 195 000,-

Hordaland fylkeskommune, prosjektmidler 150 000,-

Norsk kulturråd 400 000,-

Norsk teaterråd 80 000,-

Sponsorer 375 000,-

Sum 1 500 000,-

KOSTNADER: Sum 1 500 000,-

C.Fylkesrådmannen si vurdering:

Dette er ein festival som viser internasjonal scenekunst for barn og unge, og søkjar er som omtalt over svært opptatt av den kunstnarleg utviklinga av dette feltet. Vestlandske teatersenter får driftstøtte gjennom Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett, men den støtta kan ikkje rekke til å finansiere denne festivalen. Det har også tidegare år vore gitt noko støtte til Mini Midi Maxi, men ikkje i den storleien det no er søkt om. Det ligg i denne saka også ein søknad om krisehjelp/driftstøtte til Cornerteateret på 250 000 kroner, som er handsama ovanfor.

Festivalen har fått prosjektstøtte frå HFK i nokre år og fekk 50 000 kroner i 2013 med merknaden «dette er eit positivt og permanent tiltak som bør vurderast for drift frå 2014». Det vart ikkje motteke søknad om driftstøtte til festivalen for 2014. Fylkesrådmannen ser det som riktig å løyve midlar til Mini Midi Maxi, og finn i denne søknadsomgangen rom for å løyve 60 000 kroner til jubileumsfestivalen.

Det tilrådest såleis på ei støtte på 60 000 kroner